

BRUKARUTVALET FOR HELSE MØRE OG ROMSDAL gir følgjande kommentar til høringsutkast til revidert utviklingsplan HMR 2023 - 2026 (2037):

Brukarutvalet har med stor interesse lest høringsutkastet til revidert utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal. Planen er god å lese. Den er ryddig og oversiktlig. Forslag til tiltak under kvart hovudpunkt kommer tydeleg fram i eigne boksar.

Det er eit tydeleg og gjennomgående godt pasientperspektiv i planen.

Vi vil likevel nemne nokre punkt som vi ønsker skulle komme enda betre fram:

- **Oppfølging frå behandlar i sjukehus etter utskriving**

Det betyr særskilt mykje for pasientane at ein behandlar ringer opp vedkomande kort tid etter at ein har kome heim for å spørje korleis det går, er det noko vedkomande har spørsmål om eller noko ein er usikker på. Det gir en tryggleik og at eg som pasient er viktig for deg som behandlar.

- **Vektlegging av -å lære av feil / -å lære av vellykka behandlingsopplegg**

Det er omtalt i planen viktigheten av å lære av feil som blir gjort i forbindelse med pasientbehandling. Dette er fortsatt viktig å jobbe vidare med. Som en del av kvalitetsarbeidet er det og sentralt at det blir bredda ut alt en har gode erfaringar med, og at dette blir "markedsført" på den god måte.

- **Helsefellesskapet**

Organisering av helsefellesskapet har ein krevjande form. Dette arbeidet er særskilt viktig for at dialogen mellom primær- og spesialisthelsetjenesten skal utvikle seg vidare.

Brukarmedverknad i denne prosessen er viktig. God dialog mellom aktørane er veldig viktig for god "pasientfly".

- **Verdsfreden er trua**

Russlands invasjon av Ukraina har satt verdsfreden i fare. Faren for bruk av kjemiske våpen i den krigføringa som går føre seg er stor. Kanskje skulle dette vore omtalt under temaet beredskap.

- **Rehabilitering**

Kanskje skulle dette viktige temaet vært meir omtalt i planen.

- **Forløpskoordinator**

Vi viser til planen som sier at forløpskoordinator ikkje er på plass enda, men at det skal arbeides videre med dette i planperioden. Brukarutvalet ønsker å vite hvilke tiltak som planlegges for å lykkes med dette"

Ålesund, 19.04.22

(Justert i brukarutvalsmøtet 25. april 2022)

Leiar og nestleiar for Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal

Paula Næss Skår og Ann Helene Skare